



NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fråsegn til endring av manøvreringsreglement for Eidfjord Nord utbygginga - Bjoreio - Statkraft Energi AS

Fylkesmannen er positive til at Statkraft Energi AS søker om forlenga periode for minstevassføring, samt ein auke i minstevassføringa i gyteperioden. Men etter vårt syn må ein sikre tilstrekkeleg vassføring heile året, det bør difor sleppast vatn også i perioden 15. april – 31. mai om det er trong for det.

Vi viser til skriv frå NVE datert 29. januar 2018 og orienteringsmøte med Statkraft om søknaden i Eidfjord 14. februar 2018.

Bakgrunn

I konsesjonen frå 1977 har Statkraft pålegg om å oppretthalde ei vassføring i Vøringsfossen på 12 m³/s i perioden 1. juni til 15. september. For å betre forholda for stammene av laks og sjøaure i vassdraget, sikra Statkraft vintervassføring gjennom frivillig slepp av vatn i perioden 2004 til 2006. Frå 2007 har Statkraft hatt ulike mellombels manøvreringsreglement. Både perioden og mengde vatn har auka frå dei første åra med vasslepp.

I dagens dispensasjon er kravet 11 m³/s i perioden frå 1. juni til 15. september og 0,7 m³/s i perioden frå 15. november til 14. april.

Undersøkingane som har vore gjennomført i vassdraget, viser at tiltaka som er sett i verk har vore positivt for fisk. Men dei viser òg at det framleis er periodar med kritisk låg vassføring om vinteren. For å redusere dødelegheit på rogn og ungfisk, har Uni Research Miljø anbefalt å vidareføre tilpassa vasslepp om vinteren. Men at det òg må utvidast til å gjelde for tørre periodar med lite resttilsig. Dei anbefalar òg at det vert slept tilstrekkeleg vatn til å oppretthalde ein vassføring på om lag 2 m³/s målt på anadrom sone. Statkraft ønskjer ikkje å auke vasslepp utover 0,7 m³/s, då det etter deira syn vil ha ein marginal effekt.

Statkraft søker om eit nytt mellombels manøvreringsreglement for denne konsesjonen, med følgjande vasslepp:

- Frå 1. juni til og med 15. september: Sikre ein middelvassføring på 11 m³/s målt ved Høl. Vassføringa skal ikkje gå under 10 m³/s. Middel vert målt over 6 timar.

- Frå og med 15. september til 15. november: Det skal sleppast vatn til Bjoreio for å oppretthalde ein vassføring ved Høl på 1,5 m³/s.
- Frå og med 15. november til og med 14. april: Det skal sleppast ein vassføring på 0,7 m³/s målt ved utløp Sysendammen.

For å betre temperaturen i Bjoreio, ønskjer Statkraft å vidareføre praksisen med å tappe noko av minstevassføringa gjennom luker i Storlia og Isdøla.

Om ikkje søknaden vert innvilga søkjer dei subsidiært om å få vidareføre dagens dispensasjon.

Vår vurdering

Landskap

I dag er kravet 11 m³/s målt ved Høl for perioden frå 1. juni til 15. september. For å ikkje bryte kravet overtappar Statkraft med ca. 1,5 m³/s. Statkraft ønskjer å teste ut kor stor del av overtappinga som kan reduserast ved å tillate noko fluktusjonar i vassføringa. Vassføringa skal aldri under 10 m³/s, og middelvassføringa over 6 timar skal vera 11 m³/s. Etter deira syn vil ikkje denne endringa redusere opplevinga av Vøringsfossen.

Fylkesmannen er einig i denne vurderinga, og ser ingen grunn til at vassføringa ikkje skal verte målt som middel over 6 timar i perioden frå 1. juni til 15. september.

Fotodokumentasjonen syner liten skilnad mellom 11,3 m³/s og 10 m³/s i Vøringsfoss.

Anadrom fisk

Med endringa Statkraft no søkjer om, aukar perioden for minstevassføring med to månadar. Men framleis vil det vera ein periode på året utan minstevassføring.

Perioden 1. juni til og med 15. september vert lite endra, og får etter vårt syn ingen negativ påverknad på anadrom fisk.

Perioden 15. september til 15. november vert no sikra med minstevassføring. Det skal sleppast vatn til Bjoreio for å oppretthalde ein vassføring ved Høl på 1,5 m³/s. Denne endringa er særst positiv for anadrom fisk. Det har tidlegare vore periodar med særst låg vassføring i denne perioden. Dette kan både vera ein flaskehals for ungfisk, samt uheldig for gytefisk gjennom å avgrense vandringsmoglegheiter, og det kan ha gjort dei meir sårbare for predatorar og andre trugslar.

Frå vinteren 2013/2014 og fram til i dag, har det vore slept 0,7 m³/s frå Sysendammen i perioden 15. november til og med 14. april. Dette ønskjer Statkraft å vidareføre.

Undersøkingane som er gjort i vassdraget viser at eit slepp på 0,7 m³/s har gitt den høgast eggoverlevinga i perioden 2004 – 2017 (varierte mellom ca. 80 % til 92 %). Men, desse fire åra har vore forholdsviss nedbørsrike, med få lengre tørre periodar vinterstid.

Uni Research Miljø peiker mellom anna på at i særskilte tørre vinterperiodar kan òg eit slepp på 0,7 m³/s frå Sysendammen gje moderat eggoverleving. I rapporten er det difor anbefalt å auke sleppet for å sikre ein vassføring på anadrom sone på 2 m³/s. Statkraft ønskjer ikkje det då dei meiner auka vasslepp vil ha marginal effekt på overlevinga i gytegrupene. Det kan nok

vera tilfellet i nedbørsrike år, men ikkje i år med lengre tørre periodar om vinteren. Det er etter vårt syn knytt ein risiko til slepp av ei minstevassføring som er avhengig av tilsig frå restfeltet for å sikre god nok overleving i målområdet.

I perioden 15. april til og med 31. mai er det ikkje lagt opp til slepp av vatn. Etter vårt syn er ikkje dette godt nok. I orienteringsmøtet med Statkraft kom det fram at ved ein vasstand på 1,05 meter målt ved Blåsteinen gjev god eggoverleving på ca. 90 %. Vasstand under dette kan føre til auka dødelegheit. I same møtet kom det fram at i denne perioden hadde vasstanden søkkje under 1,05 meter ved fleire tilhøve. Etter vårt syn bør det difor vera krav om å sleppe tilstrekkeleg vatn til å oppretthalde ein viss vassføring på anadrom sone i denne perioden òg. Vassføringsdata viser at det ikkje er naudsynt å sleppe vatn heile tida for å oppnå ønskja vasstand, til dømes 1,05 meter målt ved Blåsteinen. Vi ser at å styre minstevassføringa etter tilsig for å sikre ei minste vasstand/vassføring på anadrom sone kan vera utfordrande. Etter vårt syn er alternativet då å sleppe ein fast minstevassføring.

Konklusjon

Tiltaka Statkraft har gjennomført i Eidfjordvassdraget har gjort forholda for anadrom fisk betre. Innføring av minstevassføring om hausten betrar forholda for både ungfisk og gytefisk. Etter vårt syn må ein sikre tilstrekkeleg og nok vatn heile året. Statkraft må difor etablere ein form for vasslepp i perioden 15. april til 31. mai. Utan vil det komme periodar der rognoverlevinga vert påverka negativt.

Erfaringar frå vassdraget viser at ein ikkje bør under ein viss vasstand målt til dømes på Blåsteinen for å oppretthalde god overleving av rogn. Det er ikkje sikkert sleppet på vinteren med 0,7 m³/s vil vera tilstrekkeleg til å oppretthalde ønska vasstand som sikrar god overleving av rogn. Naturleg tilsig vert her avgjerande.

Fisk har ulikt krav til vassføring gjennom livssyklusen og gjennom året. Framover bør det i tillegg vera eit auka søkjelys på ungfiskhabitatet.

Statkraft ønskjer å vidareføre tapping frå Storlia og Isdøla for å betre temperaturen i Bjoreio. Det kan vurderast om dette bør stå i eit mellombels manøvreringsreglement. Vår forståing er at Statkraft ønskjer å oppfylle dette uansett.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernsjef

Gry Walle
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Statkraft Energi AS	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	Eidfjord
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen